Widvey å kutte pressestøtta for rundt 30 lokalaviser, der svært mange av desse er nynorske eller språkdelte. Kuttforslaget møtte protestar frå mellom andre Norsk Målungdom, og blei lagt på is over nyttår, i påvente av ei stortingsmelding om pressestøtta som kom rett før påske der kuttforslaget blei trekt tilbake.

## Ordentleg russetreff

Russearrangementet ved Telemarkshallen i palmehelga gjekk veldig roleg og greitt for seg ifølgje politiet. Cirka 1000 personar var til stades og bare ein blei bortvist da han ikkje oppførte seg bra.

# unar



Foto: Vidar Alfarnes

**F** FAKTA:

## Reforma i Danmark

- Blei gjennomført i 2007
- Gjekk frå 271 kommunar til 98
- Erstatta 13 amt (fylke) med fem regionar
- Samanslåingane var frivillige, bortsett frå to-tre spesielle tilfelle.
- 29 av dei 98 kommunane ligg i hovudstadregionen, som også er den minste regionen i areal
- Kommunane skulle i hovudsak bestå av 30.000 innbyggjarar, men det finst fortsatt kommunar med færre innbyggjarar - da spesielt øykommunar
- Kommunar med under 30.000 innbyggjarar var forplikta til å inngå samarbeid med større kommunar
- Gjennomsnittleg innbyggjartal i kommunane før reforma: 16.000. Etter reforma: 55.000
- 32 kommunar er fortsatt dei same som før reforma
- Valdeltakinga sank i 2009 (65,8), men gjekk opp igjen til eit normalt nivå i 2013




SPAREBANKSTIFTINGA
BØ

GÅVEMIDLAR

Sparebankstiftinga Bø, som er oppretta i samband med fusjonen mellom Bø Sparebank og Seljord Sparebank, vil dele ut midlar som gåver til ålmennyttige føremål.

Stiftinga skal vera ein langsiktig eigar i Sparebanken DIN, og fekk tildela eigenkapitalbevis ut frå eigenkapitalen til Bø Sparebank ved fusjonen. Desse bevisa vil gje avkastning frå banken framover, og stiftinga vil etter vedtak i generalforsamlinga årleg dele ut gåver. Utbyttemidlane skal fyrst og fremst gå til det distriktet som har bygd opp eigenkapitalen i Bø Sparebank.

Lag og organisasjonar kan søke om gåver frå stiftinga. Søknad må innehaldande ein plan og opplysningar om kva pengane skal nyttast til, samt laget sitt organisasjonsnummer

**Søknad sendast Sparebankstiftinga Bø v/Seljord Rekneskaps-service AS, Nyveg 3C, 3840 Seljord eller per e-post: post@seljordregnskap.no INNAN 12. MAI 2014.**

NB! Lag og organisasjonar som allereie har sendt søknad om gåvemidlar i 2014 til Sparebanken DIN treng ikkje sende søknad på nytt.

Hans Bakke
*Styreleiar i Sparebankstiftinga Bø*